Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lauving

Oppskr. av: Kari Haga Flettre

(adresse): Hagelegen 2, Voss

Fylke: Hordaland

Herad: Voss

Bygdelag: Vossevangen og Reppen

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Heimelsmann: Johannes Flettre, f. 4. oktober 1911, Voss, Arbeidsformann.

SVAR

Emnr. 9. A: Lauving.

1:

Ja det vert lauva enno. - Men i mykje mindre målestokk enn før siste verdskrig. Ein lauva i stor mun under sist krig. - Lauvet reknast som årvisst fôr ved middels-store bruk, til siste krig då omskiftet kom. - Ved store bruk, var det helst attåtfôr i vår. - Et par år etter siste krig slutta lauvinga mykje, helst grunna at folk ikkje lenger hadde korkje gardsdrengjer eller tenestgjenter, barneflokkane var ikkje lenger

16060

16060

så store, at ein laut nytta den arbeidskrafta.
- Kårfolka kunde leva av si alderstrygd,
og tok det meir med ro, og det var så dei som
hadde hat største sūta for beiting og lauving
og morka mykje med det. (morka: sterva
trottigt med småarbeid.)

2:

Ein lauvar mellom høy- og håslått. Også slike
dagar då alle hesjar var fulle, eller onnor
stogg i slåtten kom. Også etter at beita
var innsette seinsumar. Ein lauvar av:
ask, osp, raun og bjørk. Ein kalla det
her lauving. Å lauva, lauvar, lauva.

3:

Sigd vart nytta, og snidl. Sume hadde lauvkrok
å bøygja ned greinene med. Det var ein
lang trekrok. - Ja om hausten vart
gjerne ask- og eikelauv, rispa med
hand, då det fall lett av då. - No ein
bruka berre hender.

4 og 5:

Ein tok helst lauv av rotfaste tre. Der var
før ved dei fleste gardstun her askjestuvar som dei
hogg askjestart av når dei var vakne i
manshøgd. - Dei hogg starten av dei kvart
fjerde år. Ein kalla det å „sterva" askjen.
- Men sume sa og å „pila" askjen. Det
var helst i innmark og på bøen gjerne nær
tunet ein hadde slike tre. Lauvet vart plukka
av greinene, som vart hogne av, og starten
vart kasta i dunge. Så skov dei starten
sinare (å skava skjev skov skave.) Og dei
smaū kvistene vart nytta til rivetindar, kle-
ved (ved under klegryta) eller bakstered. Ein sa det
gjerne så: „at med skavet fødde ein eit
gymborlamb meir." Ein hadde gjerne
skavet i store teiner, lauvteiner.

16060

Dei var vare om desse visse pilaskane sine. Dei var verdfulle, og stod alltid slik at dei ikkji var til skade for slåttemarka. — Lauvet vart mest alltid turka på låven, der ein hadde det utover. — Turne laga nok og „lauskjörv": men i fleste höve vart lauvet hesja under taket på öykjehuslåven. Hesja på tro (tretrodar) som var spikra på sperrene. Hadde ein laga kjörv, vart det nöggje passa på at dei kom i hus før regn, og at dei vart skuggeturka. — Oske lauv vart stundom turka på bakken ute, så raka saman og turka resten på låvegolvet.

6:

Dette kjenner eg ikkji til.

Fråg 8:

Svært lite lauv frå utmarka vart nytta, mest berre frå innmark. Karane hadde gjerne tyngste arbeidet, med hogging og frakting. Og der trea stod i berg og det mest var livsfare å hogga og pila måtte oftast karane til. — Ein reiste gjerne nokre kjörv opp så dei stod til-mötes og stötta kvarandre på låven, slik stod dei trekkfullt og turka. Det måtte aldri beindast kjörv i regn. Ein sette ofte kjörv langs veggene på låven og. Men lagra dei aldri oppå högget før ein visste at all råme var ordi. — Krigene fekk kjörv eller lauv ein gong, ~~ett~~ eit mål, for dagen. Smalen gjerne det same. Men mjölkekyr skulle ha mindre. Ein rekna eit kjörv for kvart dyr.

16060

9:

Almelauv.

10:

Kjenner ikkji til det, men tin[?] flette almebork til kryp[?] så dei skulle få gjerd[?].

11; 12, 13, 14, 15:

Kjenner ikkji til dette her.

B. Lauv som rakes sammen på bakken:

1:

Rakelauv.

2:

Askelauv til fôr. Boslauv, raskelauv, var derimot rissent lauv dei bruka til å strø under gris og smale.

3:

Ein brukar riva.

4:

Det vart bore i sekkjer, men og i store teiner.

5:

Ja.

6:

Boslauvet vart oppevart i bingar og i skotet i ei kro. Forlauvet stod gjerne i teiner på låven eller låg i dunge der.

7, 8 og 9:

Det var helst smalen som fekk rakelauv. Aspelauv og askelauv vart nytta slik. Dei fekk det i smalegjøta åleine. — Men det vart mest slutt med å nytta dette etter 1945 ca. Rakelauv vart nå rekna for nødfôr eller attåt fôr, av mindre verde. Berre einskilde gamle folk nyttar dette enno.

16060